

Diverse opplysningar.

I eit møte på Eidsland den 22.11.2013 møtte :

Fylkesordførar Tom Christer Nilsen og Torbjørn Aarehun frå Hordaland Fylkeskommune.

I tillegg møtte representantar frå Statens Vegvesen.

Vaksdal og Modalen kommunar .

Modalen Eksingedalen billag.

Møtet var i regi av Eidsland Grendalag, og saka som var oppe var Fv 569.

Det vart reist mange spørsmål i møtet, og i tillegg til utlevert spørsmål skriv vart det bedt om å få dette utsendt i lag med møte referatet til dei møtande. Dette for at Hordaland Fylkeskommune og Statens Vegvesen skulle få tid til å svara.

Frist vart sett til 31.12.2013.

Etter dette har Grendalaget sendt to purringar på svar.

Første purring sendt : 16.01.2014,

Andre purring : 05.02.2014 med svar frist ei veke frå 6. februar.

Svar kom frå Statens Vegvesen på deira del av saka i februar.

Frå Hordaland Fylkeskommune kom ingen tilbakemeldingar på at dette var under arbeid.

Den 10. februar vart eg kontakta av Thorbjørn Aarehun, som var ein av dei møtande, der han etterlyste møte referat og spørsmål skjema , då han ikkje hadde fått dette, eller purring på svar.

Vår kontaktperson på fylkeskommunen var Beate Bergholm Lindgård , som etter avtale skulle vidare senda all dokumetasjon.

I møtet vart det sagt at kommunane ikkje hadde vist engasjemang ang Fv 569, dette sjølv om me hadde kopi av fleire skriv frå både Modalen og Vaksdal kommune, Eksingedalen Modalen billag, samt møtereferat frå fleire møter. Det vart også etterlyst tilbakemeldingar frå alle befaringar som fylket sine samferdsels komiteear har gjennomført i fleire valgperiodar.

Når det no visar seg at viktige dokument og møtereferat ikkje kjem fram til møtande representant for samferdsel seksjonen på fylket ,er dette så alvorleg at det krev gransking, spesielt med henvisning til at kommunane m fleire ikkje har engasjert seg som det vart sagt i møtet.

Kvar / kven stoppar slike dokument. ??

Håpa kontroll utvalget kan sjå på denne saka, kvar vert avtala skriv av ??

Eidslandet 26.02.2014

Mvh  
For Eidsland Grendalag

Åshild Eikefet Lien.  
Epost :  
ashildelien@hotmail.com.